| Rådgivning eller andre tjenester (§ 18 e)                             | <p>Før slike tjenester gjør undertegnede en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art med hensyn til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med kontrollutvalgs- og revisjonsforskriften § 18 e, utfører vi ikke tjenesten. Revisor vurderer hvert enkelt tilfelle særskilt.</p> <p>Revisor besvarer løpende spørsmål/henvendelser som er å betrakte som veiledning og bistand og ikke revisjon. Undertegnede er bevisst på at også slik veiledning må skje med varsomhet og på en måte som ikke binder opp revisors senere revisjons- og kontrollvurderinger.</p> <p>Undertegnede har ikke ytet rådgivnings- eller andre tjenester overfor Sykkylven kommune som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.</p> |
| Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver (§ 18 f) | Undertegnede har ikke ytet tjenester overfor Sykkylven kommune som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |
| Fullmektig for den revisjonspliktige (§ 18 g)                         | Undertegnede opptretr ikke som fullmektig for Sykkylven kommune.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |

Ålesund, 7. september 2022  
**Møre og Romsdal Revisjon SA**

  
Kathrin Haram  
oppdragsansvarlig revisor

## Saksframlegg

|          |                         |            |
|----------|-------------------------|------------|
| Saksnr.  | Utval                   | Møtedato   |
| MS 05/22 | Sykkylven kontrollutval | 30.11.2022 |

### **Status - Rapport frå forvaltningsrevisjon 2022 ressursbruk barnehage - Sykkylven**

#### **Tilråding til vedtak:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande

#### **Bakgrunn:**

Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor gjev ei kort orientering om status for arbeidet med den pågåande forvaltningsrevisjonen og om forventa tidspunkt for ferdigstilling av rapport.

## Saksframlegg

|          |                         |            |
|----------|-------------------------|------------|
| Saksnr.  | Utval                   | Møtedato   |
| MS 06/22 | Sykkylven kontrollutval | 30.11.2022 |

### Oversikt pr 20.11.2022 - oppfølging av kontrollutvalet sine saker

#### Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

#### Bakgrunn:

Vedlegget gjev ei oversikt over saker Sykkylven kontrollutval har behandla siste året og status for oppfølging.

#### Vedlegg

Oversikt saker 2022 - Sykkylven kontrollutval

## OPPFØLGINGSLISTE 2021

| Dato  | Sak nr.  | Sak                                                                                         | Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 | Oppfølging                                                                                                                                                     | Ferdig |
|-------|----------|---------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------|
| 26.01 | 01/22    | Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå førre møte                             | Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |                                                                                                                                                                | ✓      |
|       | 02/22    | Orienteringar                                                                               | Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |                                                                                                                                                                | ✓      |
|       | OS 01/22 | Orientering om drifta av Sykkylven legesenter                                               | Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |                                                                                                                                                                | ✓      |
|       | 03/22    | Meldingar                                                                                   | Kontrollutvalet tek meldinga til vitande                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |                                                                                                                                                                | ✓      |
|       | MS 01/22 | Kontrollutvalsboka revidert utgåve 2022                                                     | Kontrollutvalet tek meldinga til vitande                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |                                                                                                                                                                | ✓      |
|       | 04/22    | Interimrevisjon 2021                                                                        | Sykkylven kontrollutval tek oppsummeringa frå Møre og Romsdal Revisjon SA til vitande.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |                                                                                                                                                                | ✓      |
|       | 05/22    | Årsmelding 2021 Sykkylven kontrollutval                                                     | Sykkylven kontrollutval godkjenner årsmeldinga for 2021. Den blir å sende over til kommunestyret til orientering.                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |                                                                                                                                                                | ✓      |
|       |          |                                                                                             |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |                                                                                                                                                                | ✓      |
| 09.03 | 06/22    | Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå førre møte                             | Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |                                                                                                                                                                | ✓      |
|       | 07/22    | Oppfølging av kommunestyrevedtak knytt til forvaltningsrevisjon 2021                        | Sykkylven kontrollutval inviterer kommunedirektøren til å gje ei orientering om korleis vedtak etter forvaltningsrevisjon offentlege innkjøp og anskaffingar er følgt opp, på kontrollutvalet sitt møte 14.09.2022.                                                                                                                                                                                                     | Orientering 14.09                                                                                                                                              | ✓      |
|       | 08/22    | Forvaltningsrevisjon 2022 - Sykkylven kommune                                               | Sykkylven kontrollutval bestiller ei skisse til prosjektplan for forvaltningsrevisjon 2022, på barnehageområdet.<br>Prosjektplanen må innehalde forslag til problemstillingar i tråd med kontrollutvalet sine innspel i dette møtet, samt overslag på bruk av ressursar og ha ein framdriftsplan.<br><br>Kontrollutvalet bed om at prosjektplanen vert lagt fram i Sykkylven kontrollutval sitt neste møte 11. mai 2022 | Når planen for forvaltningsrevisjon skal rullerast neste gong, så ynskjer kontrollutvalet at ein vurderer å setje opp ein revisjon på pleie og omsorgsområdet. | ✓      |
|       | 09/22    | Meldingar                                                                                   | Kontrollutvalet tek meldingane til vitande.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |                                                                                                                                                                | ✓      |
|       | MS 02/22 | Invitasjon til fagkonferanse kontrollutval - Forum for kontroll og tilsyn FKT 8.- 9.06.2022 | Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               | Utvalet ynskjer å delta med flest mogleg av medlemmane som har høve til å bli med.                                                                             | ✓      |
|       |          |                                                                                             |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |                                                                                                                                                                |        |
| 25.05 | 10/22    | Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå førre møte                             | Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |                                                                                                                                                                | ✓      |
|       | 11/22    | Orienteringar                                                                               | Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |                                                                                                                                                                | ✓      |
|       | OS 04/22 | Orientering om arbeidet med rekruttering Sykkylven legesenter                               | Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |                                                                                                                                                                | ✓      |
|       | OS 05/22 | Årleg orientering om handtering av avvik, varsel og misleghald                              | Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |                                                                                                                                                                | ✓      |
|       | 12/22    | Uttale årsrekneskap og årsmelding 2021 - Sykkylven kommune                                  | Kontrollutvalet gjer kommunestyret merksam på at årsrekneskap og årsmelding 2021 ikkje vart levert innan dei fristar kommunelova set.<br>Kontrollutvalet tilrår at administrasjonen evaluerer prosessen rundt rekneskapsavslutning og årsmelding med sikte på å halde fristane sett i kommunelova.                                                                                                                      |                                                                                                                                                                | ✓      |

## OPPFØLGINGSLISTE 2021

| Dato  | Sak nr.  | Sak                                                                                               | Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  | Oppfølging                                     | Ferdig |
|-------|----------|---------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------|--------|
|       |          |                                                                                                   | Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre tilhøve som skulle ha kome fram i dialog med revisor, eller gjennom kontrollutvalet sine kontrollhandlingar retta mot økonomiforvaltninga, som kunne hatt konsekvens for utvalet sin uttale.<br>På bakgrunn av dette vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2021 for Sykkylven kommune.                                                                                                                                                                 |                                                |        |
|       | 13/22    | Prosjektskisse forvaltningsrevisjon 2022 - ressursbruk i barnehageområdet - Sykkylven kommune     | Kontrollutvalet godkjenner prosjektplan for forvaltningsrevisjon ressursbruk i barnehageområdet - Sykkylven kommune, med den framdriftsplan og ressursbruk som er skissert.<br>Utvalet ber sekretariatet kvalitetssikre at dei moment som kjem fram i møtet, vert tatt inn i prosjektskissa.<br>Kontrollutvalet ber om at forvaltningsrevisor held kontrollutvalet v/sekretariatet informert undervegs og at utvalet vert orientert om der er trong for vesentlege endringar i prosjektet.                                               |                                                | ✓      |
|       | 14/22    | Meldingar                                                                                         | Kontrollutvalet tek meldinga til vitande                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |                                                | ✓      |
|       | MS 03/22 | Melding om årsrapport for einingane 2021 - Sykkylven kommune                                      | Kontrollutvalet tek meldinga til vitande                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |                                                | ✓      |
|       |          |                                                                                                   |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |                                                |        |
| 14.09 | 15/22    | Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå førre møte                                   | Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |                                                | ✓      |
|       | 16/22    | Oppfølging etter forvaltningsrevisjon 2021 - offentlege innkjøp                                   | Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                                | ✓      |
|       | 17/22    | Nummerert brev 01 etter forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga - Sykkylven kommune | Kontrollutvalet tek informasjonen frå revisor til vitande.<br>Kontrollutvalet bed revisor om å sjå etter og kontrollere at Sykkylven kommune etablerar ein praksis som sikrar at lovverket her vert fulgt. Og bed revisor om å melde attende til kontrollutvalet om dette er utført.                                                                                                                                                                                                                                                     | Revisor kontrollere og rapportere              |        |
|       | 18/22    | Uttale forenkla etterlevingskontroll 2021 - Sykkylven kommune                                     | Kontrollutvalet tek revisor sin attestasjonsuttale frå forenkla etterlevingskontroll 2021 til orientering.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |                                                | ✓      |
|       | 19/22    | Rapport frå revisor etter årsoppgjersrevisjon 2021 - Sykkylven kommune                            | Kontrollutvalet tek revisor sin rapport etter revisjon av årsrekneskap 2021 til vitande.<br>Kontrollutvalet bed revisor om å følgje opp dei forbettringspunkt som revisor har peika på i si orientering.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 | Revisor kontrollere forbedringspunkt           |        |
|       | 20/22    | Budsjettforslag 2023 for kontrollutvalet sitt arbeid - Sykkylven kommune                          | Sykkylven kontrollutval tilrår ei samla budsjetttramme for kontrollarbeidet på kr 1 396 490.<br><br>Dette er fordelt slik:<br>*Kontrollutvalet møtegodtgjersle og kompetanse kr 122 000<br>*Kjøp av sekretariatstenester (Sunnmøre kontrollutval IKS) kr 384 490 (* tal frå 2022)<br>*Kjøp av revisjonstenester (Møre og Romsdal Revisjon SA) kr 890 000<br><br>Forslaget frå kontrollutvalet skal følgje tilrådinga til årsbudsjett fram til kommunestyret, i samsvar med kommunelova §14-3 og § 2 i Forskrift om kontroll og revisjon. | Avventar tilbakemelding etter vedteke budsjett |        |
|       | 21/22    | Endring av møteplan hausten 2022                                                                  | Kontrollutvalet sitt neste møte vert flytta frå 23. november til 30. november 2022.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      |                                                | ✓      |
|       | 22/22    | Orienteringar                                                                                     | Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |                                                | ✓      |

## OPPFØLGINGSLISTE 2021

| Dato  | Sak nr.  | Sak                                                                      | Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt) | Oppfølging | Ferdig |
|-------|----------|--------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------|------------|--------|
|       | OS 06/22 | Status arbeid med forvaltningsrevisjon ressursbruk barnehage - Sykkylven | Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.           |            | ✓      |
|       |          |                                                                          |                                                         |            |        |
| 30.11 |          |                                                                          |                                                         |            |        |

| Plan forvaltningsrevisjon (FR) KS sak 66/20 og eigarskapskontroll (EK) KS sak 90/20. | Merknad                   | bestilling | Prioritet | Planlagt sluttdato | Levert rapport          |
|--------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------|------------|-----------|--------------------|-------------------------|
| Offentlege innkjøp                                                                   | KU sak 20/20              | 02.03.21   | 1         | 10.06.21           | 24.11.21                |
| Ressursbruk i barnehageområdet                                                       | KU sak 08/22 og 13/22     | 09.03.22   | 2         | 15.11.22           | Forseinka, Januar 2023? |
| Bruk av spesialundervisning i oppvekstsektoren                                       |                           |            | 3         |                    |                         |
|                                                                                      |                           |            |           |                    |                         |
| Eigarskapskontroll                                                                   | KU sak 21/20 vedtatt plan |            |           |                    |                         |
|                                                                                      |                           |            |           |                    |                         |



## Saksframlegg

|          |                         |            |
|----------|-------------------------|------------|
| Saksnr.  | Utval                   | Møtedato   |
| MS 07/22 | Sykkylven kontrollutval | 30.11.2022 |

### Informasjon om kontrollutvalskonferansar i 2023

#### Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

#### Bakgrunn:

Det er som kjent to organisasjonar i Norge som står for kompetansepåfyll og faginformasjon spesielt retta mot kontrollutvalet sitt kontrollarbeid i kommunane.

Det er NKRF - kontroll og revisjon i kommunene (tidlegare Norges kommunerevisorforbund) og Forum for kontroll og tilsyn (FKT). Begge desse arrangerer i 2023 kvar sin konferanse retta mot kontrollutvala som målgruppe.

NKRF - kontroll og revisjon i kommunene har sin Kontrollutvalskonferanse 1. og 2. februar 2023 på Gardermoen. Her er påmeldingsfristen **15. desember 2022**.

Forum for kontroll og tilsyn held sin fagkonferanse for kontrollutval 31. mai og 1. juni 2023 i Trondheim. Påmeldingsfrist ikkje sett endå.

Vedlagt finn de lenkje til der de kan finne meir informasjon om program og påmelding.

I kontrollutvalet sitt budsjettforslag for kontrollarbeidet er det sett av midlar til kompetanse og opplæring for at kontrollutvalet sine medlemmar skal kunne delta på ein slik fagkonferanse.

De må sjølve stå for påmelding om de ynskjer å delta, og bli einige innad i utvalet kven og om de skal delta. Sekretariatet kan vidareformidle meir informasjon om konferansane etter kvart som organisasjonane har informasjonen klar.

#### Vedlegg

Lenkje til informasjon om konferansar 2023

NKRF – kontroll og revisjon i kommunene sin konferanse: [NKRF – kontroll og revisjon i kommunene](#)

Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sin konferanse: [Fagkonferansen 2023, 31. mai -1. juni - Forum for kontroll og tilsyn \(fkt.no\)](#)

## Saksframlegg

|          |                         |            |
|----------|-------------------------|------------|
| Saksnr.  | Utval                   | Møtedato   |
| MS 08/22 | Sykkylven kontrollutval | 30.11.2022 |

### Melding om tilsynsrapport om trygt skulemiljø Sykkylven ungdomsskule 2022

#### Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

#### Bakgrunn:

Det vert gjennomført statleg tilsyn med kommunane på ei rekkje ulike områder. Statleg tilsyn og kommunal eigenkontroll har det til felles at dei skal medverke til at kommunen løyser sine oppgåver innanfor rammene av lover og forskrifter. Det er nyttig for kontrollutvalet å vere orienterte om kva arbeid som er gjort knytt til statleg tilsyn, slik at utvalet kan bruke informasjonen inn i eige arbeid. Der kan vere synergjar og kompetanseoverføring frå eit tilsyn, som kontrollutvalet kan nytte når utvalet seinare skal bestille forvaltningsrevisjon eller andre kontrollhandlingar.

I den vedlagte rapporten står det at kommunene skal rapportere innan 15. desember 2022. Dette er det Statsforvaltaren som følgjer opp.

#### Vedlegg

Tilsynsrapport trygt skulemiljø Sykkylven ungdomsskule 2022 - frist 15.12.2022



# Tilsynsrapport - vedtak

Tilsyn med kommunen sitt arbeid for å sikre eit trygt og godt skulemiljø

Sykkylven kommune – Sykkylven ungdomsskule

22/794

## Samandrag

Statsforvaltaren fører tilsyn med Sykkylven kommune. Temaet for tilsynet er om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at skulen undersøker og set inn tiltak i saker der det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø eller blir krenkt av ein som arbeider på skulen.

Vi har funne at Sykkylven kommune ikkje har eit internkontrollsystem som oppfyller lovkrava i kommunelova § 25-1 om at internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa verksemda sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold. Kommunen avdekker ikkje avvik eller risiko for avvik, og set ikkje inn korrigerande styringstiltak for å førebygge brot på rutinar eller lovkrav når det gjeld elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø. Det vert mellom anna ikkje gjort risikovurderingar og systematisk kvalitetsarbeid, og kommunen har ikkje klare rapporteringslinjer eller rapporteringspunkt som vedkjem elevane sitt skulemiljø.

Vi har funne at skulen i all hovudsak gjer det dei skal, både når det gjeld det å undersøke og det å sette inn tiltak.

Tilsynet har funne følgjande brot på regelverket:

- Skulen/skuleeigar dokumentarar ikkje i tilstrekkeleg grad kva som vert gjort for å oppfylle undersøkingsplikta.
- Kommunen sin internkontroll er ikkje tilpassa for å hindre eller førebygge brot på undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta.
- Kommunen avdekker ikkje risiko for at undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt. Kommunen følger ikkje opp med korrigerande tiltak for å hindre eller førebygge brot på undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta.
- Skulen/skuleeigar evaluerer ikkje tiltaka jamleg i alle saker, og tiltaka vert dermed ikkje endra ved behov.
- Kommunen sin internkontroll er ikkje tilpassa for å hindre eller førebygge brot på tiltaksplikta og kravet om å lage ein skriftleg plan.
- Kommunen avdekker ikkje risiko for at tiltaksplikta og kravet om å lage ein skriftleg plan ikkje blir oppfylt. Kommunen følger ikkje opp med korrigerande tiltak for å hindre eller førebygge brot på tiltaksplikta og kravet om å lage ein skriftleg plan.

Kommunen fekk ein førebels tilsynsrapport og har ikkje uttalt seg om eller komme med innvendingar til innhaldet i rapporten.

Vi gjer no vedtak med pålegg om retting. Kommunen har rettefrist til 15. desember 2022.

## Innhald

|       |                                                       |    |
|-------|-------------------------------------------------------|----|
| 1     | Innleiing .....                                       | 4  |
| 1.1   | Kort om kommunen .....                                | 4  |
| 1.2   | Om gjennomføring og tema for tilsynet .....           | 4  |
| 2     | Skulemiljø og internkontroll.....                     | 5  |
| 2.1   | Rettslege krav .....                                  | 5  |
| 2.1.1 | Kravet til internkontroll .....                       | 5  |
| 2.1.2 | Retten til eit trygt og godt skulemiljø .....         | 5  |
| 2.2   | Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar ..... | 7  |
| 2.2.1 | Kommunen sin internkontroll.....                      | 7  |
| 2.2.2 | Plikta til å undersøke .....                          | 10 |
| 2.2.3 | Plikta til å sette inn tiltak.....                    | 13 |
| 3     | Våre reaksjonar .....                                 | 18 |
| 3.1   | Pålegg om retting .....                               | 18 |
| 3.2   | Oppfølging av pålegga .....                           | 18 |
| 4     | De har rett til å klage.....                          | 19 |

# 1 Innleiing

Statsforvaltaren fører tilsyn med offentlege skular, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om kommunane oppfyller opplæringslova med forskrifter.

Våre tilsyn er offentlig myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentligheitslova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på [www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/](http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/).

## 1.1 Kort om kommunen

Sykkylven kommune har 7 558 innbyggjarar og har skuleåret 2021/2022 830 elevar i den kommunale grunnskulen. Kommunen har 4 barneskular og 1 ungdomsskule. I tillegg er det 2 friskular i kommunen, desse har til saman 102 elevar. Friskulane er ikkje omfatta av dette tilsynet og det er Utdanningsdirektoratet som fører tilsyn med desse.

Sykkylven ungdomsskule har 315 elevar og tek i mot elevar frå heile kommunen som går i ungdomsskulen.

Ifølge *Elevundersøkelsen*, som er obligatorisk på 7. og 10. trinn, har dei gjennomsnittlege mobbetala på 10. trinn i perioden 2018 – 2020 vore på over 8,5 %. Statsforvaltaren har òg fått meldingar med bekymring for korleis skulen og kommunen tek i vare elevane si rett til eit trygt og godt skulemiljø. Statsforvaltaren opna derfor tilsyn med kommunen for å undersøke korleis kommunen sin internkontroll på området er.

Under sjølve tilsynet er kommunalsjef for barnehage, skule og kultur konstituert som kommunedirektør. Og rådgivar skule er konstituert som kommunalsjef for barnehage, skule og kultur. Kommunen har tilsett ny kommunedirektør som går inn i stillinga på eit seinare tidspunkt.

## 1.2 Om gjennomføring og tema for tilsynet

Vi opna tilsyn med kommunen i brev av 8. februar 2022. De blei pålagde å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet.

Temaet for tilsynet er om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at skulen og skuleeigar oppfyller plikta til å undersøke og setje inn tiltak der det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenkt av ein som arbeider på skulen, jf. opplæringslova §§ 9 A-4 og 9 A-5, jf. kommunelova § 25-1.

Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

Det er kommunen som skuleeigar som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir overhaldne, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Kommunen (ved kommunedirektøren) har ansvar for å sikre at krava i regelverket blir oppfylt ved å ha internkontroll, jf. kommunelova § 25-1. Vi gir derfor eventuelle pålegg i tilsynet til kommunen som har ansvaret for at kommunen sjølv eller skulen rettar opp brot på regelverket avhengig av kor brotet ligg.

Vi sende førebels tilsynsrapport til dykk 11. mai 2022. I den presenterte vi våre førebelse vurderingar og konklusjonar.

## **2 Skulemiljø og internkontroll**

### **2.1 Rettslege krav**

#### **2.1.1 Kravet til internkontroll**

Kommunen skal ha internkontroll med verksemda til administrasjonen for å sikre at lover og forskrifter bli følgde, jf. kommunelova § 25-1 første ledd. Kravet er eit viktig element i kommunen si leing og styring. Kommunedirektøren har ansvaret for at kravet til internkontroll blir oppfylt.

Kommunen skal tilpasse omfanget av internkontrollen basert på risikovurderingar for å målrette arbeidet der risikoen og behovet er størst. Område med stor risiko for regelverksbrot vil ofte krevje betre styring og kontroll gjennom fleire tiltak, som for eksempel meir standardisering og tettare oppfølging, enn område der det sjeldan sviktar.

I tilsynet undersøker vi kva for tiltak kommunen har sett i verk for å sikre at reglane blir etterlevde, og om tiltaka er tilstrekkelege for å oppnå formålet om å førebyggje og hindre regelverksbrot, og sikre at regelverksbrot blir oppdaga og retta. Kommunen må kunne gjere greie for korleis dei oppfyller kravet til internkontroll.

#### **2.1.2 Retten til eit trygt og godt skulemiljø**

Alle elevar i grunnskulen og i vidaregåande opplæring har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova §§ 9 A-1 og 9 A-2. Retten er individuell, og det er eleven si subjektive oppleving som avgjer om skulemiljøet er trygt og godt.

For å sikre retten til eit trygt og godt skulemiljø, har skulen ei aktivitetsplikt etter opplæringslova §§ 9 A-4 og 9 A-5. Aktivitetsplikta inneheld fem delplikter, som er plikta til å følge med, gripe inn, varsle, undersøke og setje inn tiltak. I dette tilsynet skal vi undersøke om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at skulen og skuleeigar undersøker og set inn tiltak dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenkt av ein som arbeider på skulen.

I tilsynet er det eit gjennomgåande tema om skulen og skuleeigar har vurdert omsynet til barnet sitt beste. Skulen skal vidare sørge for at involverte elevar blir høyrde.

Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle delpliktene i aktivitetsplikta. Dette er òg eit gjennomgåande tema i tilsynet. I tillegg må skulen eller skuleeigar lage ein skriftleg plan når det blir sett inn tiltak i ei sak.

For at aktivitetsplikta skal vere oppfylt, må skulen gjere det som det er rimeleg å forvente gjennom heile saksforløpet.

#### **Plikta til å undersøke saka**

Skulen skal snarast undersøke saka ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova § 9 A-4 tredje ledd. Dersom saka gjeld krenking frå ein



som arbeider på skulen, skal undersøkingane bli sette i verk straks, jf. opplæringslova § 9 A-5. Kven på skulen som skal undersøke saka på vegner av skulen, må skulen fastsetje konkret.

Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigar sørge for at undersøkingane blir sette i gang straks, jf. opplæringslova § 9 A-5.

Undersøkinga skal ha som formål å få fram fakta om ein situasjon, bakgrunnen for elevane si oppleving og kva for forhold i omgivnadene til eleven som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet. Skulen skal gjere dei undersøkingane som etter ein fagleg standard er rimeleg å forvente i den enkelte saka. For å kunne setje inn tiltak til barnet sitt beste i ein konkret situasjon, må skulen gjere nødvendige undersøkingar.

Alle barn har rett til å bli høyrde i saker som vedkjem dei, jf. Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen art. 12. At eleven har rett til å bli høyrd i samband med skulemiljøsaker, er òg forankra i opplæringslova § 9 A-4 femte ledd. Skulen og skuleeigar må oppfylle elevane sin rett til å bli høyrde for å oppfylle undersøkingsplikta. Dette omfattar ikkje berre den eleven som skulen mistenkjer eller kjenner til at ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, men òg andre elevar som er direkte påverka eller involverte i saka.

Kor raskt ein skal undersøke saka, må ein vurdere opp mot kva det er rimeleg å forvente etter ei fagleg vurdering. Her er omsynet til barnet sitt beste eit viktig moment. Når det er mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen, krenkjer, blir det stilt særleg skjerpa krav til framdrift i saka. Skulen og skuleeigar må undersøke effektivt og så raskt som mogleg.

### **Plikta til å setje inn tiltak**

#### *Tiltak etter § 9 A-4*

Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, eller undersøkingar viser dette, skal skulen så langt det finst eigna tiltak, sørge for at eleven får det trygt og godt igjen.

Kva for tiltak som er eigna, grunnar seg på faglege og konkrete vurderingar. Barnet si meining og omsynet til barnet sitt beste er viktige moment i denne vurderinga. Kva for tiltak som er eigna, må ein vurdere konkret, men kan vere retta både mot individnivå, gruppenivå og systemnivå.

Samla sett skal de gjennomføre dei tiltaka som det er rimeleg å forvente i den enkelte saka.

Kor raskt skulen må setje inn tiltak, må ein vurdere konkret i den enkelte saka. Barnet sitt beste vil vere eit grunnleggjande omsyn i denne vurderinga.

Plikta til å setje inn tiltak kviler på skulen. Kva for tilsette som faktisk skal gjennomføre eit tiltak i ei sak, må bli fastsett konkret.

#### *Tiltak etter § 9 A-5*

Dersom det er ein som arbeider på skulen som står bak krenkingane, skal tiltak bli sette i verk straks.

Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, er det kommunen som har ansvaret for at det blir sett inn tiltak straks.

#### *Dokumentasjonskrav*

Skulen skal lage ein skriftleg plan når dei set i verk tiltak i ei sak. Dette følger av § 9 A-4 sjuande ledd. I planen skal det stå kva for problem tiltaka skal løyse, kva for tiltak skulen har planlagt, når ein skal gjennomføre tiltaka, kven som er ansvarleg for å gjennomføre tiltaka, og når ein skal evaluere tiltaka.

## 2.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

### 2.2.1 Kommunen sin internkontroll

Det vil nedanfor bli gitt ei overordna vurdering av kommunen sin internkontroll. Ei nærare vurdering av internkontrollen knytt til delpliktene undersøke og setje inn tiltak på skulemiljøområdet, kjem lengre nede i rapporten.

Det skal etter kommunelova § 25-1 bokstav a) utarbeidast ei skildring av verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering. Dette vil gi overordna informasjon om kommunal verksemd som fell innanfor kommunedirektøren sitt ansvar. I tillegg vil det vere viktig for å klargjere ansvars- og rapporteringslinjer internt i kommunen. Det vil vere ansvars- og rapporteringslinjer på overordna nivå for heile kommunen, og ansvars- og rapporteringslinjer innanfor dei ulike tenesteområda eller verksemdene.

Observasjonar viser at kommunen har linjer for rapportering, men desse knyt seg utelukkande til avviksmeldingar. Kommunen er sjølv tydeleg på at ein ikkje har eit system for rapportering og at ein difor har eit forbedringspotensial. Dette til dømes ved å utarbeide eit årshjul for oppfølging med rapportering frå skulane. Kommunen har ei målsetjing som ledd i internkontrollarbeidet at einingane i kommunen skal få tatt i bruk rapporteringssystem. Kommuneleiinga opplyser at sjølv om ein manglar system for rapportering, har kommunen faste møte med rektorane ein gong pr månad der tema mellom anna er felles tilnærming til arbeid knytt til skulemiljø. I enkeltsaker er det ved behov for rådgiving, dialog mellom kommuneleiing og skuleleiing. Der er ikkje faste rutinar for oppfølging.

På skuleområdet er det høg risiko for at det kan skje feil, og konsekvensane av feil er store. Sjølv om ein har faste månadlege rektormøte og dialog ved behov, finst det ikkje eit system for rapportering. Etter Statsforvaltaren si vurdering har kommunedirektøren som øvste ansvarleg for internkontrollen, behov for rapporteringslinjer mot skulane utover det som gjeld avvik. Kommunedirektøren skal jobbe systematisk med internkontrollen. For å kunne gjere ei jamleg oppfølging av internkontrollen, må kommunedirektøren ha implementert eit system for rapportering frå skulane innanfor området for skulemiljø.

Når det gjeld kravet om å skildre verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering, ligg det også eit krav om å skildre korleis ansvar, oppgåver og mynde er fordelt internt i kommunen. Dette både sentralt og innanfor dei ulike tenesteområda og verksemdene.

Statsforvaltaren har fått tilsendt administrativt organisasjonskart samt lenke der Sykkylven kommune sitt delegasjonsreglement ligg. Her kjem det tydeleg fram kven som har mynde innanfor ulike lovføresegner knytt til opplæringslova, medrekna kapittel 9 A om skulemiljø. Verken i samtale med kommuneleiing eller skuleleiing får Statsforvaltaren inntrykk av at det er uklart korleis oppgåver og mynde er fordelt innanfor tenesteområda til skulane.

Når det gjeld kravet om «nødvendige rutinar og prosedyrar» i kommunelova § 25-1 tredje ledd bokstav b), er dette viktig for å sikre regeletterlevinga i kommunen. Kva slags og kor mange rutinar som trengst for dei ulike områda må vurderast konkret i den enkelte kommune. Kravet i kommunelova er at kommunen skal ha det som er «nødvendig». Kva som er nødvendig må sjåast i samheng med dei andre krava i føresegna, og vil vere avhengig av ei konkret vurdering. Sentralt vil mellom anna vere vurderinga av risiko for avvik.

I praksis kan rutinar og prosedyrar vere både munnlege og skriftlege. Rutinar og prosedyrar må gjelde for verksemda, gjerast kjent og vere tilgjengelege.

Kommuneleiinga har i eigenvurdering opplyst at rutinar, planar og malar kanskje ikkje er godt nok kjent ute blant dei tilsette. Under samtale med kommuneleiinga kom det fram at kommunen har fått eit felles digitalt system kalla «Sikker sak», og ein ser for seg at systemet vil gjere slike meir tilgjengelege når dei tilsette har fått brukt det nokre gonger.

Statsforvaltaren har mellom anna fått tilsendt dokumentet «Plan for trygt og godt skulemiljø Sykkylven ungdomsskule 2019-22». I tillegg har vi også sett på dokumentasjon på kommunen si heimeside som vist til i oversendingsbrev frå kommunen.

Statsforvaltaren ser at kommunen har noko dokumentasjon, men dette er etter Statsforvaltaren si vurdering ikkje tilstrekkeleg for å seie at kommunen oppfyller kravet om naudsynte rutinar og prosedyrar. Når det gjeld rutinane i plan for trygt og godt skulemiljø, er desse utarbeidde ved og for Sykkylven ungdomsskule. Rutinane gjeld ikkje som rutinar på overordna skuleeigarnivå. Kommunen har i forkant av tilsynet utarbeidd rutinar for skulemiljøsaker. Som kommuneleiinga sjølv seier, er desse ikkje godt nok kjent blant dei tilsette. Slik Statsforvaltaren vurderer manglande rutinar og prosedyrar, er der derfor ein risiko for at regelverket ikkje blir etterlevd.

Eit sentralt element i arbeidet med internkontroll er å avdekke og følge opp avvik, men også risikoområde for avvik er sentralt å avdekke og følge opp. Å få avdekt konkrete avvik eller feil er naudsynt for å kunne gjere korrigeringar eller forbetringar både i den konkrete situasjonen og for framtida. Internkontrollen skal vidare både avdekke og følge opp risikoområder der avvik kan skje, noko som er sentralt førebyggjande arbeid. Dette inneber mellom anna at kommunedirektøren må skaffe seg oversikt over område i kommunen der det er fare for manglande etterleving av lover og forskrifter. Her må det settast inn relevante førebyggjande og risikoreduserande tiltak for å hindre og forebygge brot på lover og forskrifter.

Statsforvaltaren ser at sjølv om kommunen har systemet RiskManager, er der ikkje ein felles kultur for å melde avvik blant dei tilsette på skulane. I samtale med kommuneleiinga har denne sjølv gitt uttrykk for at det herskar ulik kompetanse blant tilsette/mellom tenesteområde når det kjem til avvikshandtering, og forståing av kva som er eit avvik. At det herskar ulik forståing rundt avvik og avvikshandtering er eit inntrykk Statsforvaltaren også sit igjen med etter intervju med tilsette. Her såg vi også at det som gjeld avvik og avvikssystem i stor grad blir knytt til avviksrapportering innanfor helse- miljø- og sikkerhetsområdet. Slik Statsforvaltaren vurderer det, er kommunens bruk av avvikssystemet for tilfeldig og personavhengig, ikkje planmessig og samanhengande og dermed systematisk. Når det gjeld mangel på felles kultur for å melde avvik, vurderer Statsforvaltaren at dette skuldast manglande internkontroll og styring frå kommuneleiinga. Det er slik ein risiko for at manglande system kan føre til at avvik og risiko for at avvik ikkje blir avdekt og følgt opp jf. kommunelova § 25-1 bokstav c).

Internkontrollen skal tilpassast verksemda sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold. Ei vurdering av desse forholda dannar grunnlaget for den nærare vurderinga av innretning, omfang og prioritering i internkontrollarbeidet. At risikovurderingar blir gjennomført er sentralt. Kommunen må gjere ei konkret analyse og vurdering av sannsynet for at lover og forskrifter ikkje blir følgde, og kva slags konsekvensar dette i så fall kan få.

I samtale med konstituert kommunedirektør kjem det fram at sjølv om ein har kvalitetsstyringsverktøyet RiskManager, har dette vore lite brukt med omsyn til risikovurderingsarbeidet. Konstituert kommunedirektør er klar på at det er behov for større grad av risikovurderingar i kommunen. I samtalen kjem det fram at ein skal ta i bruk eit system kalla «What if» som er eit meir pedagogisk system for risikovurderingar, og at ein har som mål å bygge eit system som skal bli meir samanfalle.

Tilsynet har altså avdekt at kommunen ikkje gjer tilstrekkelege risikovurderingar. Når kommunen ikkje gjer konkrete analyser og vurderingar av sannsynet for at lover og forskrifter ikkje blir følgde og kva slags konsekvensar dette kan få, er det risiko for at internkontrollarbeidet si innretning, omfang og prioritering ikkje blir tilpassa verksemda sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

Kommunelova § 25-1 bokstav e) stiller krav om å evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll. Dette er eit krav som er knytt til sjølv internkontrollarbeidet. Det er ikkje krav til korleis evalueringa skal gjerast, men det skal vere ei evaluering av korleis den aktuelle verksemda jobbar med internkontroll. Ved behov skal skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll forbeistrast.

Som nemnt ovanfor er der mellom anna mangelfulle linjer for rapportering, og ulik kultur når det gjeld å melde avvik. All den tid kommuneleiinga ikkje får naudsynt informasjon via slike linjer, vil det vere vanskeleg for kommunen å evaluere og ved behov forbetre prosedyrar/andre tiltak for internkontroll.

Tilsynet har avdekt at Sykkylven kommune ikkje har eit internkontrollsystem på skulemiljøområdet som oppfyller krava i kommunelova § 25-1 om at internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa verksemda sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

I samtale med kommuneleiinga og deira eigenvurdering i Reflex kjem det tydeleg fram at internkontrollen ikkje er i samsvar med krava i regelverket og at den er mangelfull. Vidare, at det er lite fokus frå kommuneleiinga på internkontrollområdet mot einingane og at dette er eit arbeid som må systemiserast. Sjølv om ein ser at skulane har ulike måtar å handtere skulemiljøsaker på, så jobbar alle aktivt med skulemiljøet. Kommuneleiinga er likevel klar på at dette er noko som må takast fatt i, og ein har allereie starta arbeidet med å få på plass internkontroll på skulemiljøområdet. Eksempel på dette er at kommunen skal ta i bruk systemet «What if», og at dei har utarbeidd ei overordna kvalitetshandbok for alle tenesteområde i kommunen. På grunn av pandemien har arbeidet med å implementere kvalitetshandboka blitt nedprioritert, men kommuneleiinga er klar på at dette er eit arbeid som skal prioriterast framover.

Når det gjeld kvalitetshandboka gir den til dømes oversikt over organisasjon og ansvar, kvalitetshjul og struktur for systematisk kvalitetsarbeid i kommunen. Vidare skal kvalitetssikringsverktøyet RiskManager sikre kommunen sin internkontroll, i tillegg til at systemet har modular for dokumentstyring, avvikshandtering og risikovurdering.

Statsforvaltaren ser altså at Sykkylven kommune har utarbeidd eit overordna styringsverktøy for sitt arbeid med internkontroll. Sidan dette i svært liten grad er tatt i bruk/blitt implementert i kommunen, vurderer Statsforvaltaren at Sykkylven kommune ikkje har eit internkontrollsystem for arbeidet for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane.

## 2.2.2 Plikta til å undersøke

### **Om skulen undersøker saka så raskt som saka tilseier, dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø**

#### **Observasjonar**

På Sykkylven ungdomsskule vert det sett i gang undersøkingar i alle saker som vert varsla til rektor. Ofte er det også gjort ein type undersøking før det vert varsla til rektor, dette for å avklare om det er ei sak som skal varslast eller ikkje. Dette vert bekrefta av tilsette under intervju. Det er som oftast rektor som gjer undersøkingane. Og oftast så handlar det om å få fram fakta i saka; snakke med dei som er involverte og eventuelt observere samspelet mellom elevane i ein periode.

I «Plan for trygt og godt skulemiljø Sykkylven Ungdomsskule 2019-22» er undersøkingar omtala både på side 7 under «Framgangsmåte når ein tilsett får kjennskap til eller mistanke om at elevar ikkje har eit trygt og godt skulemiljø» og på side 24 under «Verktyskrin i arbeidet med §9A i Opplæringslova».

I samtalar med elevar som har hatt aktivitetsplan, kjem det fram at det i nokre tilfelle kan ta noko tid frå varsel blir gitt til undersøkingar vert satt i gang.

#### **Våre vurderingar**

Alle saker som handlar om skulemiljø er tidssensitive. Og for elevar som står oppi det, er det viktig at det vert gjort noko så raskt som mogleg. Elevar og føresette kan i nokre tilfelle oppleve at ting ikkje skjer så raskt som dei skulle ønske. Dette har ofte samband med at dei ønsker å vite kva som skjer til ei kvar tid og følge saka tett. Det kan vere at det skjer ting i saka sjølv om skule ikkje held elevar og føresette oppdatert til ei kvar tid.

Etter å ha lese dokumentasjon og intervju elevar, føresette, assistentar, lærarar, leiinga ved skulen og kommuneleiinga meiner Statsforvaltaren at skulen undersøker saker så raskt som saka tilseier.

#### **Konklusjon**

Skulen undersøker saka så raskt som saka tilseier, dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

### **Om skulen/skuleeigar undersøker saka straks dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev blir krenkt av ein som arbeider på skulen**

#### **Observasjonar**

Sykkylven kommune og Sykkylven ungdomsskule har ikkje hatt saker etter § 9 A-5 dei siste to åra.

I «Plan for trygt og godt skulemiljø Sykkylven Ungdomsskule 2019-22» kjem det ikkje fram spesifikt kva undersøkingar som skal setjast i gang dersom det er ein som arbeider på skulen som er mistenkt eller har krenkt ein elev.

Kommunen har heller ikkje eigen skriftleg prosedyre på korleis dei skal handsame ei sak der ein i skuleleiinga vert mistenkt eller har krenkt ein elev.

Men i intervju med skuleleiinga og kommunalsjef/kommunedirektør kjem det fram at dei har ei heilt klar oppfatning/plan på kva dei ville gjort om det kjem ei sak etter § 9 A-5.

**Våre vurderingar**

At det ikkje ligg føre ein skriftleg prosedyre til saker etter § 9 A-5 er i seg sjølv ikkje eit brot på regelverket. Det er ikkje formkrav på slike prosedyrar, heller ikkje at dei skal vere skriftlege.

Etter å ha intervjuet skuleleiinga og kommunalsjef/kommunedirektør og lese innsendt dokumentasjon er Statsforvaltaren av den oppfatning at leiinga vil gjennomføre undersøkingar straks slik ein med rimelegheit kan forvente.

**Konklusjon**

Det er sannsynleggjort at skulen/skuleeigar undersøker saka straks dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev blir krenkt av ein som arbeider på skulen.

**Om skulen/skuleeigar gjennomfører dei undersøkingar som ut frå ein fagleg standard med rimelegheit kan forventast****Observasjonar**

I dei fleste sakene er det rektor og nokre miljøterapeutar som gjennomfører undersøkingane om eleven sitt skulemiljø.

I «Plan for trygt og godt skulemiljø Sykkylven Ungdomsskule 2019-22» er det på side 24 under «Verktyskrin i arbeidet med §9A i Opplæringslova» gitt nokre punkt i høve til kva undersøkingar som skal gjennomførast.

Elevar og føresette vi har snakka med gir døme på korleis undersøkingar er gjennomført og korleis dei har oppfatta resultatet.

**Våre vurderingar**

Undersøkingar skal gjennomførast ut frå ein fagleg standard. Det er ikkje alltid like enkelt å vite kva «fagleg standard» er. Utdanningsdirektoratet skriv i sitt rundskriv «Skulemiljø Udir-3-2017» under 6.4.4 Plikt til å undersøke:

*«Plikten til å undersøke innebærer at skolen undersøker elevens opplevelse av skulemiljøet, ikke at skolen skal skaffe og vurdere bevis for eller mot at eleven er blitt krenket eller mobbet. Hvor grundige undersøkelser skolen skal sette i gang vil bero på skjønn, og det avhenger av hva slags situasjon man står overfor i hvert enkelt tilfelle, jf. Prop. 57 L (2016-2017) punkt 10.1. Undersøkelsene må ha som formål å få frem fakta om en situasjon, bakgrunnen for elevenes opplevelse og hvilke forhold i elevens omgivelser som påvirker hvordan han eller hun opplever skulemiljøet. En undersøkelse kan også innebære å avklare og opplyse om forhold tilbake i tid eller forhold utenfor skoletiden og skuleområdet, dersom slike forhold påvirker elevens hverdag på skolen.*

Som tidlegare skrive, er saker om enkeltelevar sitt skulemiljø tidssensitive. Derfor kan det oppstå tilfelle der det kan vere undersøkingar som tar noko tid for at dei skal halde «fagleg standard», samstundes som eleven må stå i saka. Det er viktig å presisere at det er undersøkingar og ikkje etterforsking som skal gjerast. Av dokumentasjon i enkeltsaker ser vi at skulen sine undersøkingar har den faglege standarden som kan forventast.

**Konklusjon**

Skulen/skuleeigar gjennomfører dei undersøkingar som ut frå ein fagleg standard med rimelegheit kan forventast.

**Om skulen/skuleeigar dokumenterer kva som vert gjort for å oppfylle undersøkingsplikta****Observasjonar**

I eigenvurderinga i Reflex er det fleire som skriv at skulen ikkje har eit standardskjema som vert nytta til å dokumentere kva som kjem fram i undersøkingane. Fleire skriv eigne notat/loggar, men det er ikkje fastsett prosedyre eller oppsett på korleis desse skal arkiverast eller følge saka vidare.

Kommunen har utarbeidd ein mal som skal sikre dokumentasjon av dei tre delpliktene; varsle, undersøke og setje inn tiltak. Denne malen er enno ikkje tatt i bruk ute på skulane.

**Våre vurderingar**

Statsforvaltaren har ei klar oppfatning av at Sykkylven ungdomsskule og Sykkylven kommune ikkje dokumenterer godt nok dei undersøkingar som vert gjort i skulemiljøsaker.

Dokumentasjonen vert for tilfeldig og ikkje samla inn. Utdanningsdirektoratet skriv i sitt rundskriv «Skulemiljø Udir-3-2017» under 6.6.2 Dokumentasjon av skolens arbeid for å oppfylle aktivitetsplikten:

*«Den enkelte skole skal sørge for at det skjer en forsvarlig og hensiktsmessig dokumentasjon av skolens arbeid, jf. Prop. 57 L (2016-2017) punkt 5.5.7.3 og 10.1. Hva som skal dokumenteres og på hvilken måte må tilpasses både den enkelte skole og formålet med dokumentasjonen. Skoleeier og skoler bør ikke lage et mer omfattende system for dokumentasjon enn nødvendig. Bortsett fra skriftlighet, er det ikke andre formkrav. Det er viktig at dokumentasjonen er i et slikt format at skolen kan overlevere den til statsforvalteren i en håndhevingssak eller i tilsyn.»*

**Konklusjon**

Skulen/skuleeigar dokumenterer ikkje i tilstrekkeleg grad kva som vert gjort for å oppfylle undersøkingsplikta.

**Om kommunen sin internkontroll er tilpassa for å hindre eller førebygge brot på undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta****Observasjonar**

På spørsmål i eigenvurderinga svarer kommuneleiinga ja. Det vert vist til ei årleg rutine med gjennomføring av e-læringskurs knytt til skulemiljø på Visma SmartSkill, og det er lagt ved årshjul for bruk av denne. Når det gjeld årshjulet vert det opplyst at dette skal innarbeidast i større grad enn det har vore brukt til no. Ved oppstart av kvart skuleår, eller eventuelt etter nyttår, har rektorane sett av tid til gjennomføring av e-læringskurs knytt til kapittel 9 A. Kommuneleiinga opplyser at rektorane kan hente ut rapport over alle tilsette, og på kven av dei som har gjennomført/ikkje gjennomført og bestått kurset og når dette sist er gjort. Rutinen er at alle tilsette skal gjennomføre kursa årleg. I tilsendt dokumentasjon ligg det ved slik oversikt.

Skuleleiinga har i eigenvurderinga svart ja på spørsmålet om kommuneleiinga har tilpassa internkontrollen for å hindre eller førebygge brot på undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta. I utdjupande svar opplyser rektor at i saker ein er i tvil om, vil det bli innhenta råd frå kommunalsjef og rådgivar. Anna person i skuleleiinga opplyser at rektor har kontakt med kommunalsjefen og informerer både i enkeltsaker og på jamlege rektormøte.

**Våre vurderingar**

Med bakgrunn i at vi tidlegare har funne at kommunen ikkje har eit internkontrollsystem for arbeidet for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane i Sykkylven kommune, er det heller ikkje godtgjort at kommunen sin internkontroll er tilpassa for å hindre eller førebygge brot på undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta.

**Konklusjon**

Kommunen sin internkontroll er ikkje tilpassa for å hindre eller førebygge brot på undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta.

**Om kommunen avdekker og følger opp med korrigierende tiltak for å hindre eller førebygge risikoen for at undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje vert oppfylt****Observasjonar**

På spørsmål i eigenvurderinga, svarer kommunen ja.

I eigenvurderinga svarer kommunen ja på at kommunen avdekker og følger opp med korrigierende tiltak for å hindre eller førebygge risikoen for at plikta til å undersøkje og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt. I eigenvurderinga blir det vist til at dersom avdekte saker eller klager gir grunn til å undersøke nærare, vil kommunalsjef/rådgivar gå meir inn i sakene. Dette skjer nokre gonger i høve enkeltskular/enkeltsaker, andre gonger meir på systemnivå. Når det gjeld talet på oppretta aktivitetsplanar, vert intern rapportering etterspurd årleg. Kommuneleiinga viser til at dei kommunale rutinane som er lagt ved, skal bidra til at skuleleiinga og dei tilsette veit kva rutinar som gjeld og kva som er forventa av dei.

På spørsmål i eigenvurderinga svarer skuleleiinga ja. Rektor utdjupar svaret og seier at ho er litt usikker på dette, men at ho spør kommuneleiinga om råd. Vidare at ho synest at dei følger med og tek ting på alvor. Anna person i skuleleiinga svarer at rektor har kontakt med kommunalsjefen og informerer både i enkeltsaker og på jamlege rektormøte.

**Våre vurderingar**

Med bakgrunn i at vi tidlegare har funne at kommunen ikkje har eit internkontrollsystem for arbeidet for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane i Sykkylven kommune, er det heller ikkje godtgjort at kommunen avdekker og følger opp med korrigierende tiltak for å hindre eller førebygge risikoen for at undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje vert oppfylt.

**Konklusjon**

Kommunen avdekker ikkje risiko for at undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt. Kommunen følger ikkje opp med korrigierende tiltak for å hindre eller førebygge brot på undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta.

**2.2.3 Plikta til å sette inn tiltak****Om skulen set inn tiltak så raskt som saka tilseier****Observasjonar**

Lærarar, miljøterapeutar og leiinga ved skulen skriv i eigenvurderinga at dei set inn tiltak så snart det er gjort undersøkingar. Fleire lærarar skriv at dei har vore involvert i slike saker. Inntrykket deira har vore at leiinga, ved rektor opprettar sak og lagar aktivitetsplan med tiltak etter at ein har hatt samtalar med involverte partar i saka. Det blir òg vist til at skulen har alt som har med trygt og godt skulemiljø i ei digital mappe som alle har tilgang til, samt at teamleiarane har ein "kriseperm" i papirformat. Der kan dei slå opp og oppdatere seg ved behov.

I samtalar med elevar som har hatt aktivitetsplan, kjem det fram at det i nokre tilfelle kan ta lang tid frå varsel blir gitt og undersøkingar gjort, til at tiltak vert sett i gang.



### Våre vurderingar

Elevar og føresette kan i nokre tilfelle oppleve at ting ikkje skjer så raskt som dei skulle ønske. Dette har ofte samanheng med at dei ønsker å vite kva som skjer til ei kvar tid og ønsker å følge saka tett. Det er viktig at skulen i slike saker ikkje forhastar seg, men at dei har gjort undersøkingar og høyrte involverte partar i saka samtidig som dei startar med å trygge eleven som opplever eit skulemiljø som ikkje er trygt. Dette er krevjande og det tar ofte lengre tid enn det føresette og elev forventar.

Skulen har fleire miljøterapeutar som jobbar inn mot elevane i skulekvardagen. Dei har kontorplass, men dei opplyser at dei sjeldan jobbar derifrå, dei er overalt der elevane er. Dei er synlege i gangane, i kantina, uteområde og dei er med i klasseromma når det er behov for det. Miljøterapeutane blir involverte når det må gjerast undersøkingar kring elevar som opplever skulemiljøet som utrygt og dei er aktive med å følge opp dei tiltaka som leiinga har bestemt for elevar som har aktivitetsplan i kap. 9A-saker. Vi vurderer at skulen med denne organiseringa sikrar at tiltak vert set inn så raskt som saka tilseier. Dokumentasjon i enkeltsaker viser denne praksisen.

### Konklusjon

Skulen set inn tiltak så raskt som saka tilseier.

### Om skulen/skuleeigar set inn tiltak straks når det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev blir krenkt av ein som jobbar på skulen, eller ein i skuleleiinga

#### Observasjonar

I «Plan for trygt og godt skulemiljø Sykkylven Ungdomsskule 2019-22» står det mellom anna at det er skjerpa aktivitetsplikt dersom ein tilsett på skulen eller ein i leiinga krenker ein elev jf. § 9A-5. Rektor skal straks bli varsla og er saka alvorleg, skal rektor varsle kommuneleiinga. I tilfelle der det er ein i leiinga på skulen som krenker ein elev, skal kommunen bli varsla direkte.

Sykkylven kommune og Sykkylven ungdomsskule har per dags dato ikkje saker etter § 9 A-5. Det kjem fram av eigenvurderinga i RefLex at dei fleste ikkje har opplevd eller har kjennskap til at elevar har blitt krenkte av ein som jobbar på skulen. Nokre få har opplevd dette for ein del år tilbake.

I ein tenkt situasjon kjem det fram at tilsette vil engasjere seg og raskt seie frå til leiinga om dei har mistanke om eller kjennskap til at ein tilsett krenker ein elev. Vi får bekrefte at det er kommunen ein kontaktar om det er nokon i leiinga på skulen som krenker elevar.

Gjennom dokumentasjon og intervju med kommuneleiinga kjem det fram at dei ikkje har skriftleg prosedyre på kommunenivå for dette, men om kommunen får melding frå tilsett eller elev/pårørande, vil dei engasjere seg og følge opp med tiltak der det er vurdert behov for det etter undersøkingar.

### Våre vurderingar

I «Plan for trygt og godt skulemiljø Sykkylven Ungdomsskule 2019-22» kjem det ikkje spesifikt fram kva tiltak som skal setjast i verk dersom det er ein som arbeider på skulen eller det er ein i skulen si leiing som er mistenkt for eller har krenkt ein elev. I planen finn vi i "Verktyskrin i arbeidet med §9A i Opplæringslova" lista opp forslag til tiltak ein kan bruke i aktivitetsplanar for elevar. Desse forslaga til tiltak vurderer vi hovudsakleg er meint for tiltak når ein elev blir utsett for krenkingar frå andre elevar. Det har derfor vore viktig for oss å få bekrefte gjennom intervju og svar i eigenvurderinga i RefLex kva skulen/skuleeigar ville gjort i ei sak der ein tilsett blir

mistenkt for, eller har krenkt ein elev. Vi meiner derfor at det vil bli sett inn tiltak for å løyse problemet og trygge eleven så raskt som mogeleg.

### **Konklusjon**

Det er godtgjort at det vert sett inn tiltak når det er mistanke eller kjennskap til at ein elev blir krenkt av ein som jobbar i skulen eller ein i skulen si leiing.

## **Om skulen/skuleeigar vurderer konkret kva tiltak som er eigna**

### **Observasjonar**

Statsforvaltaren bad om dokumentasjon på kap. 9A-saker då vi varsla tilsynet. Vi har i dokumentasjonen mottatt 7 aktivitetsplanar. Dei har same mal og nokre av tiltaka er like, medan andre tiltak er ulike, og det er mange tiltak i nokre planar, og få i andre planar.

Gjennom intervju og svara i eigenvurderinga i RefLex kjem det fram at kvar enkelt sak blir handtert individuelt, og eigna tiltak for den enkelte elev blir iverksett. Dette skjer gjennom møte og kommunikasjon med elev og heimen.

### **Våre vurderingar**

Eit eigna tiltak er eit tiltak som kan gi eleven eit trygt og godt skulemiljø. Kva som ligg i at tiltak skal vere eigna, må vere tufta på faglege og konkrete skjønnsvurderingar. Eit overordna premiss for kva som er å rekne som eit eigna tiltak, er omsynet til barnet sitt beste og barnet sin rett til å bli høyrte.

Elevar er forskjellige og dei kan til dømes vere utsett for ulike krenkingar. Det er eleven si subjektive oppleving av krenkingane og kva dei har blitt utsett for som må vere grunnlaget for kva for tiltak som skal leggjast til grunn. Vi vurderer at skulen tek omsyn til den enkelte eleven når dei har gjort undersøkingar som har ført fram til utforming av tiltak i aktivitetsplanen.

Ut frå dokumentasjon og det som kom fram i samtaler/intervju ser vi at skulen set inn tiltak som er eigna.

### **Konklusjon**

Skulen/skuleeigar vurderer konkret kva tiltak som er eigna.

## **Om skulen/skuleeigar evaluerer tiltaka jamleg og om tiltaka vert endra ved behov**

### **Observasjonar**

Gjennom dokumentasjon og intervju gir fleire av dei tilsette uttrykk for at skulen i nokre skulemiljøsaker evaluerer tiltaka, medan det ikkje blir gjort i andre saker. Nokre meiner at skulen har eit forbettringspotensial i høve dette.

I samtalar med elevane kjem det fram at det er viktig for saka deira at dei opplever at dei får hjelp av skulen, og det er godt å ha nokon som ser dei, følger med, og tar tak i det som skjer. Miljøterapeutane er til stades mange stader og dei og helsesjukepleiar har tid til å snakke med dei og prøver å hjelpe dei i den vanskelege situasjonen dei er i.

Det kjem òg fram noko usikkerheit om ein framleis har aktivitetsplan eller at tiltaka eigentleg ikkje hjelper til å løyse den vanskelege situasjonen dei er i.

### **Våre vurderingar**

Miljøterapeutane og helsesjukepleiar fører utfyllande loggar for å dokumentere utviklinga i dei ulike skulemiljøsakene. Dette burde i større grad vere eigna til å evaluere tiltaka i

aktivitetsplanane. Planane skal vere dynamiske dokument som skal evaluerast jamleg. Nokre tiltak fungerer godt, andre tiltak fungerer dårleg eller er mislykka. Då skal ein i større grad enn det som ser ut til å vere gjort, vurdere å avslutte dei eller erstatte dei med nye tiltak. Om elever og føresette blir tatt med i evalueringa av tiltaka kan ein få ein betre utvikling i saka. Vi er òg usikre på om dei lærarane som har elevane, er gjort tilstrekkeleg kjent med aktivitetsplanane då nokre lærarar ikkje hadde sett planane.

At elevar ikkje veit om dei lenger har ein aktivitetsplan eller at tiltaka over tid ikkje løyser problemet, kan vere mangel på medverking i evalueringsprosessen og omsyn til barnets beste jf. Barnekonvensjonen artikkel 12 og artikkel 3.

### **Konklusjon**

Skulen/skuleeigar evaluerer ikkje tiltaka i tilstrekkeleg grad og endrar ikkje tiltaka ved behov.

### **Om skulen/skuleeigar lagar ein skriftleg plan når dei set inn tiltak i ei sak, og om den skriftlege planen inneheld minimumskrav til innhald**

#### **Observasjonar**

I dokumentasjonen har vi som tidlegare nemnt motteke 7 aktivitetsplanar. Dei er utforma ut i frå ein felles mal. Den viser til Opplæringslova § 9 A-4, dato for varsling til rektor, og ein bolk der namn, skule, kommune, klasse og kva nummer i rekka planen har. Vidare er planen delt inn i bolkar der ein skal skildre kva som er problemet, eleven si eiga oppleving av situasjonen, skulen si vurdering av situasjonen, hovudmål og delmål. Delmåla er delt inn i kva ein skal løyse, sjølve tiltaka, kven som er ansvarleg, tidsperspektiv og evaluering.

Gjennom intervju og svara i eigenvurderinga i RefLex kjem det fram at skulen lagar ein skriftleg plan i skulemiljøsaker når undersøkingar viser at det er behov for tiltak.

#### **Våre vurderingar**

Krava til innhaldet i aktivitetsplanen går fram av oppl. § 9 A-4 sjette ledd bokstav a) til e).

*«Planen skal summere opp undersøkingane, skulen sine vurderingar og vidare planer, og skal som minimum innehalde*

*a) kva problem tiltaka skal løyse*

*b) kva tiltak skulen har planlagt*

*c) når tiltaka skal gjennomførast*

*d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka*

*e) når tiltaka skal evaluerast»*

Ved gjennomgang av aktivitetsplanane opp mot krava i lova vurderer vi at dei inneheld det dei skal.

### **Konklusjon**

Skulen lagar ein skriftleg plan, som inneheld minimumskrav til innhald.

### **Om kommunens internkontroll er tilpassa for å hindre eller førebygge brot på tiltaksplikta og krav om å lage ein skriftleg plan**

#### **Observasjonar**

På spørsmål i eigenvurderinga svarer kommuneleiinga ja på at kommunens internkontroll er tilpassa for å hindre eller førebygge brot på tiltaksplikta og krav om å lage ein skriftleg plan. Det blir vist til at det er jamleg drøfting og gjennomgang av rutinar på rektormøte, og at rektorane

rapporterer på type saker og rutinar til kommunalsjef oppvekst. Sikker Sak er innført som fagsystem for lærarar og andre tilsette i skulen for å sikre at ting vert dokumentert og lagra på ein trygg måte, og at viktig dokumentasjon blir tatt vare på og følger saka.

Skuleleiinga svarer i eigenvurderinga ja. Rektor utdjupar med å seie at ho er usikker på kva som er meint med spørsmålet. Skuleleiinga svarer også ja på spørsmål om kommunen avdekker og følger opp med korrigierende tiltak for å hindre eller førebygge risikoen for at tiltaksplikta og kravet om å lage ein skriftleg plan ikkje blir oppfylt. Her utdjupar anna person i skuleleiinga med å seie at rektor held kommunalsjefen orientert i enkeltsaker.

### **Våre vurderingar**

Med bakgrunn i at vi tidlegare har funne at kommunen ikkje har eit internkontrollsystem for arbeidet for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane i Sykkylven kommune, er det heller ikkje godtgjort at kommunen si internkontroll er tilpassa for å hindre eller førebygge brot på tiltaksplikten og krav om å lage ein skriftleg plan.

### **Konklusjon**

Kommunen sin internkontroll er ikkje tilpassa for å hindre eller førebygge brot på tiltaksplikta og krav om å lage ein skriftleg plan.

### **Om kommunen avdekker og følger opp med korrigierende tiltak for å hindre eller førebygge risikoen for at tiltaksplikta og kravet om å lage ein skriftleg plan ikkje blir oppfylt.**

#### **Observasjonar**

På spørsmål i eigenvurderingane svarer kommuneleiinga ja på om kommunen avdekker og følger opp med korrigierende tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at tiltaksplikta og kravet om ein skriftleg plan ikkje blir oppfylt. I samband med dette vert det vist til ei undersøking som har kome i stand etter klagar frå føresette. Når undersøkinga er ferdig bearbeidd, skal resultatet presenterast i politiske organ, og kommuneleiinga opplyser at det vil vere naturleg å setje inn tiltak på område som heilt klart kjem dårleg ut. Vidare vert det vist til ei foreldreundersøking hausten 2021 for alle skulane. Statsforvaltaren har fått tilsendt brev for informasjonsinnhenting i høve førstnemnde undersøking.

#### **Våre vurderingar**

Med bakgrunn i at vi tidlegare har funne at kommunen ikkje har eit internkontrollsystem for arbeidet for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane i Sykkylven kommune, er det heller ikkje godtgjort at kommunen si internkontroll avdekker og følger opp med korrigierende tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at tiltaksplikta og kravet om ein skriftleg plan ikkje blir oppfylt.

#### **Konklusjon**

Kommunen avdekker ikkje og følger ikkje opp med korrigierende tiltak for å hindre eller førebygge risikoen for at tiltaksplikta og kravet om ein skriftleg plan ikkje blir oppfylt.

## 3 Våre reaksjonar

### 3.1 Pålegg om retting

I kapitla ovanfor har vi konstatert at de ikkje oppfyller regelverket på alle område. Det er kommunen som er ansvarleg for at skolen blir driven i samsvar med regelverket, jf. opplæringslova § 13-10. Vi pålegg dykk å rette opp følgjande, jf. kommunelova 30-4:

#### Plikta til å undersøke

1. Kommunen skal sikre at skulen og skuleeigar oppfyller plikta til å undersøke saka ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenkt av ein som arbeider på skulen, jf. opplæringslova §§ 9 A-4 og 9 A-5, jf. kommunelova § 25-1. Kommunen skal sikre at:
  - a. skulen og skuleeigar dokumenterer kva som vert gjort for å oppfylle undersøkingsplikta.
  - b. internkontrollen deira er tilpassa for å hindre eller førebygge brot på undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta.
  - c. dei avdekker risiko for at undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt. Kommunen må følge opp med korrigerande tiltak for å hindre eller førebygge brot på desse pliktene.

#### Plikta til å sette inn tiltak

2. Kommunen skal sikre at skulen og skuleeigar tek i vare plikta til å sette inn tiltak slik at elevane får eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-4 og 9 A-5, jf. kommunelova § 25-1. Kommunen skal sikre at:
  - a. skulen/skuleeigar evaluerer tiltaka jamleg, og at tiltaka blir endra ved behov.
  - b. internkontrollen deira er tilpassa for å hindre eller førebygge brot på tiltaksplikta og kravet om å lage ein skriftleg plan.
  - c. dei avdekker risiko for at tiltaksplikta og krava om å lage ein skriftleg plan ikkje blir oppfylt. Kommunen må følge opp med korrigerande tiltak for å hindre eller førebygge brot på desse pliktene.

### 3.2 Oppfølging av pålegga

De skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal de erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta.

Fristen er 15. desember 2022. Vi ber at de 15. september kjem med ein tilbakemelding om status i arbeidet. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

Når vi avsluttar tilsynet, vil vi utarbeide eit informasjonsskriv for elevar og foreldre som summere opp tilsynet og kommunens tiltak.

## 4 De har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å omgjere vedtaket. Dersom vi ikkje er einige med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjort av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saken og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Molde, 13. juni 2022

Einar Hernborg, tilsynsleiar

Gro-Malén Skorgenes, seniorrådgivar

Jorunn Øen Nesje, rådgivar

## Vedlegg: Liste over dokumentasjon

- Plan for trygt og godt skulemiljø Sykkylven ungdomsskule 2019-22
- Handlingsplan mot mobbing - innlogging Kriseportalen
- Mobbing og spekter
- HMS - plan SUSK og OS
- Oversikt gjennomføring e-læringskurs i Veilederen
- Rutinar for lærarar - generelt klasseleiing
- Personalmøteplan våren 2021
- Personalmøteplan hausten 2021
- Elevundersøkinga 2019
- Arbeid med Elevundersøkinga IGP
- Oversikt 7 siste skulemiljøsaker
- Aktivitetsplanar 2021-22 og 2020-21
- All dokumentasjon i dei 7 siste skulemiljøsakane
- Elevråd referat 01.03.2022
- Elevråd referat 09.11.2021
- Elevråd referat 03.06.2021
- Tilbakemelding heimeundervisning elevråd 17.11.2020
- Elevsamtalar vår 2022
- Elevsamtalar vår 2021
- Elevsamtalar haust 2020
- Elevbesøk 16 juni 2021
- Informasjon nytt skuleår
- Informasjon til nye 8 klasseforeldre
- Funksjonsomtale - kontaktlærar
- Instruks miljøterapeut barnevernspedagog sosionom
- Stillingsbeskriving fagarbeidarar og assistentar
- Vaktplan tilsette 2021-22
- Invitasjon foreldrekveld nettvett 28.01.2020
- Foredrag på SUSK 09.03.2020
- MOT kurs
- MOT kurs 2
- MOTivator utdanning informasjon om kurs 19.-20.10.2021
- NYSS - informasjon om MOT og coachar 09.09.2021
- NYSS - MOT aktivitet oktober 2021
- Invitasjon MOT-foredrag 02.11.2021
- Informasjon MOT-dag 23.11.2021
- Korrespondanse MOT hausten 2021
- Relasjonskompetanse – Spurkeland
- Vedtekter for FAU
- Retningslinjer for SU
- Forventningsavklaring heim-skule
- Innkalling FAU-møte 02.03.2022
- Innkalling FAU og SU 01.12.2021
- Innkalling FAU 20.10.2021
- Innkalling FAU og SU 01.06.2021
- Innkalling FAU og SU 24.11.2020
- Referat FAU 02.03.2022

- Referat FAU 01.12.2021
  - Referat FAU 20.10.2021
  - Referat FAU 01.06.2021
  - Referat FAU 16.03.2021
  - Referat FAU 24.11.2020
  - Referat FAU 13.10.2020
  - Referat ekstraordinært FAU 05.03.2020
  - Referat SU 01.06.2021
  - Referat SU 24.11.2020
  - Referat SU 24.10.2019
- 
- Organisasjonskart rev3
  - Kvalitetshandbok for Sykkylven kommune
  - Førespurnad om informasjonsinnhenting

Kommuneleiinga, skuleleiinga og dei tilsette ved skulen har svart på eigenvurdering om tilsynstemaet på [reflex.udir.no](https://reflex.udir.no)

Det vart gjennomført stadleg tilsyn 30. og 31. mars 2022.

Det vart gjennomført gruppeintervju med:  
assistentar, faglærarar, kontaktlærarar, miljøterapeutar, skuleleiing; rektor og assisterande rektor, kommuneleiing; fungerande kommunalsjef og konstituert kommunedirektør.

Det vart gjennomført intervju med:  
konstituert kommunedirektør.

Det vart gjennomført separate samtalar med:  
3 elevar og føresette som har hatt aktivitetsplan.



## STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Postboks 2025, 6404 Molde | [sfmrpost@statsforvalteren.no](mailto:sfmrpost@statsforvalteren.no) | [www.statsforvalteren.no/mr](http://www.statsforvalteren.no/mr)

